



Ledige bustadtomter
Volbu
Øystre Slidre kommune



VOLBU

bustadtomter

Øystre Slidre kommune har tre sjølv-eigartomter for sal i kunstnarbygda Volbu. Tomtene ligg 20 km frå Fagernes og 21 km frå Beitostølen.

Dette er ikkje eit bustadfelt, men tre tomter på rekke med areal frå 1300 - 1700 m². Tomtene ligg særst fint til, med utsikt over Volbufjorden og med gode soltilhøve.

Tomtene ligg til Rogne skulekrins. Skulen er ein barneskule med delvis nytt og moderne skuleanlegg. Hausten 2015 opnar nye Rogne barnehage. Øystre Slidre har full barnehagedekning og garanterer barnehageplass frå barnet fyller eit år. Avstand til skule og barnehage er sju km. Avstand til ungdomsskulen er tre km.

Tomtene ligg idyllisk ved eit flott friluftsområde med fine turstigar tett inntil. Øystre Slidre Statsallmenning har gode jakt- og fiskemoglegheiter for kommunen sine innbyggjarar.

Som turistdestinasjon kan Beitostølen tilby eit rikt utval av butikkar, restaurantar og aktivitetar, samt kultur- og idrettsarrangement som t.d. Trollrock, Beitostølen Fjelljazzfestivall, Beitosprinten og Det Norske Fjellmaraton.

Øystre Slidre kommune er ei kulturbygd med mange frivillige lag og organisasjonar. Kulturskulen har eit breitt tilbod innan moderne og tradisjonelle kulturuttrykk. Kommunen har fleire gode møteplassar for ulike aldersgrupper t.d. biblioteket, gjennom Frivilligsentralen og ungdomsklubben.

Volbu er på si side ei levande kulturbygd med flott kulturlandskap, aktive kunstnarar, eige bryggjeri og nyetablert grendehus.

210 000,-
+ omk.

GEOGRAFI / INFRASTRUKTUR

Beitostølen sentrum	21 km
Kommunesenter, Heggenes	3 km
Regionsenter, Fagernes	20 km

SKULE	
Rogne skule	7 km
Øystre Slidre ungdomsskule	3 km
Valdres Vidaregåande skule	25 km


BARNEHAGE	
Rogne barnehage	7 km

TRANSPORT	
Valdresekspressen (Fv 51)	3 km


HELSE	
Helsestasjon	5 km
Legekontor	5 km
Valdres lokalmedisinske senter	20 km



Foto: © Eline Helle Bjørnødegård



Tomtene i Volbu er solrike med flott fjordutsikt.
foto: © Ivar Thune Hagerup



FINN FRAM TIL


Nyhagevegen 14
2940 Heggenes

FRÅ FAGERNES

Ta av på FV51 mot Beitostølen ved brua i Fagernes sentrum. Følg vegen i omlag 19,5 km. Ta av til venstre mot Volbu, rett etter bensinstasjonen. Følg Vølbusvegen i 1,6 km. Ta til høyre på Nyhagevegen. Hald vegen i omlag 400m. Ta til høyre inn på gardsplassen til den store raude huset (gamle Volbu skule), like etter kyrkja. Tomtene ligg rett fram på jordet.

FRÅ BEITOSTØLEN

Køyr sørover i retning Fagernes på FV51. Etter 16km, ta til høyre mot Volbu. Følg Vølbusvegen i 1,6 km. Ta til høyre på Nyhagevegen. Hald vegen i omlag 400m. Ta til høyre inn på gardsplassen til den store raude huset (gamle Volbu skule), like etter kyrkja. Tomtene ligg rett fram på jordet.



A person is seen from behind, cross-country skiing down a vast, snow-covered mountain slope. The skier is leaving a trail in the snow. The landscape is dotted with small, snow-laden shrubs. In the distance, more snow-covered hills are visible under a sky with soft, grey clouds. The overall scene is peaceful and captures a winter sports moment in a natural setting.

-rein naturglede
Øystre Slidre kommune

KONTAKT OSS

Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 1989
2940 Heggenes

tlf: 613 52 500
post@oystre-slidre.kommune.no

www.oystre-slidre.kommune.no